

## Nytt frå Faggruppe for allmenmedisin, UiB

**Kjære kollega****i vestlandsk  
allmennpraksis!**

Den nye fastlegeforskrifta tok til å gjelde frå årsskiftet, og ei av forandringane er fastlegane sin rett til å gå ut av legevaktordninga frå fylte 55 år, mot tidlegare 60 år.

Sjølv om det finst velferdsargument for endringa, meiner eg at avgjerda var uklok og at den bør revurderast.

Stortinget har slått fast at fastlegane skal vere ryggraden i legevaktordninga. Utviklinga i legevakt og nye oppgåver knytt til f.eks akuttseger, tilseier både trong for fleire legar og høgere kompetanse tilgjengeleg for vakt. Da blir det feil veg å gå å gje nokre hundre erfarne fastlegar fritak. Dei kommande åra vil det kvart år bli nye hundre legar som når «aldersgrensa» 5 år tidlegare enn før. Talet er så høgt at det er større enn nye legar inn i fastlegeordninga, og vi erstattar altså erfarne med uerfarne.

I tillegg vil det bli trong for to legar på vakt mange stader og strengare krav til kompetanse for å ha vakt og til bakvaktordningar. Da treng vi alle gode krefter som kan ta del, for å hindre at vaktordningane enten bryt saman eller blir unødige harde med svært hyppige vakter.

Mange kommunar har allereie meldt om store vanskar med vaktordningane og at få legar stiller frivillig opp etter 55 år.

Det kan også diskutere om det er rett at fastlegar på 55+ skal ha forrang til fritak framfor til dømes slitne småbarnsfedre- og mødre i oppstarten av karrieren, med kanskje store utfordringar knytt til nyoppstarta praksis og spesialistutdanning.

Departementet melder no at dei vil evaluere paragrafen allereie i vår. Dersom det er store konsekvensar, vil dei vurdere å endre forskrifta. Legeforening og KS er invitert inn i prosessen.

I dette tilfellet meiner eg at velferds- og individinteressene må vike for samfunnsinteressene.

Steinar Hunskaar  
*steinar.hunskaar@isf.uib.no*

**Instituttet har skifta  
namn: ISF blir IGS**

Institutt for samfunnsmedisinske fag (ISF) er historie reint namnemessig frå 1. januar 2013. I forbindelse med omorganisering av fakultetet, er ISF

slått saman med Senter for internasjonale helse. Det nye namnet er Institutt for global helse og samfunnsmedisin (IGS). Engelsk: Department of Global Public Health and Primary Care. Internt er organiseringa den samme, og Faggruppe for allmenmedisin held fram i uendra form.

**Doktorgrad: Diabetes  
og urininkontinens**

Marit Ebbesen disputerte 1.2.2013 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen «Epidemiology of Urinary Incontinence in Women, with Emphasis on Diabetes as a Risk Factor».

Ebbesen har benyttet data fra de norske helseundersøkelsene i Nord-Trøndelag for å undersøke diabetes som risikofaktor for urinlekkasje hos kvinner, i tillegg til å kartlegge endringer i forekomst av urinlekkasje over en periode på 11 år. Kvinnene med diabetes hadde høyere forekomst av urinlekkasje (39 %) enn de uten diabetes (26 %), og en alvorligere grad av lekkasje. Faktorer som forhøyet blodsukker, langtidssukkerverdi (HbA1c), sykdomsvarighet og diabetesbehandling kunne ikke forklare den økte risikoen for urinlekkasje. Forekomsten av urinlekkasje økte fra 25 % til 29 % i løpet av 11 år. Alder, vekt, BMI, barnefødsler og diabetes økte også i denne perioden, og kan bidra til å forklare den økte forekomsten.

Marit Ebbesen (f. 1979) er utdannet lege fra UiB i 2009, og har vært tilknyttet Forskningsgruppe for allmenmedisin siden 2002, først som forskerlinjestudent, og fra høsten 2009 som stipendiat. Professor Steinar Hunskaar har vært hovedveileder.

**Allmennpraktiker-  
stipend i vest**

For våren 2013 ble det tilsammen tildelt 26 stipendmåneder som AFU-stipend, tilslag var 54% av søknadsmassen. Søkere fra Bergen ble tildelt tilsammen 7 måneder.

Halvor Lund i Oslo fikk 2 måneder; veileder Erik Zakariassen: Bruk av Manchester Triage System som verktøy for å vurdere om en pasient trenger konsultasjon hos legevakslege.

Anette Fosse i Mo i Rana fikk 3 måneder, veileder Margrethe

Schaufel: Døden i sykehjem – pasienters og pårørendes tanker og forventninger.

Maria Blikman i Arendal fikk 2 måneder, veileder Eivind Meland: Reinnleggelse etter hjerterehabilitering, hvilke faktorer er av betydning?

Vi gratulerer!

**Filosofisk poliklinikk  
våren 2013**

"Hvorfor er ikke alt som er lovlig også fornuftig? Styring og vanstyring i norsk helsevesen" er tema for møteserien dette semesteret. Møtene er i Bergen Offentlige Bibliotek kl 1900.

6. mars: "Papirløse innvandrere, medisin og menneskerettigheter: Dilemmaer, lidelse og medmenneskelighet" Foredrag ved Karl Harald Søvig, professor, Forskergruppe for forvaltningsrett, Forskergruppe for helse- og sosialrett, UiB

3. april: "Er det rom for skjønn og samvittighet i norsk helsevesen?" Foredrag ved Reidun Førde, professor, Senter for medisinsk etikk, UiO

**Professor Ian  
McWhinney er død**

Frå Canada vert det meldt at professor Ian McWhinney døyde i september 2012, 85 år gammal.

Med dette er ein av internasjonale akademiske allmenmedisin sine største og mest kjende føregangsmenn gått bort. Han har vore ein svært viktig person for å definere faget, han la til rette for utvikling av begrepet pasientsentrert medisin og i hans senter i London Ontario vart den pasientsentrerte metoden utvikla, forska på og deretter spreidd over heile verda. I 1994 kom boka Patient-Centered Medicine: Transforming the Clinical Method, med McWhinney som ein av forfatarane.

Fleire frå allmenmedisin ved UiB har vore ved instituttet hans, og praksislærarkurset vårt har også vore på besøk der. McWhinney er æresdoktor ved Universitetet i Oslo og i undervisninga i Bergen har vi brukt ein av hans artiklar som pensum dei siste 20 åra. Boka hans Textbook of Family Medicine har vore den internasjonalt leiande læreboka i allmenmedisin sidan 1990-talet.

## Nytt frå Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

## Kjære kollega i vestlandsk allmenntpraksis!

Allmenntlegeforeninga (tidl APLF) er 75 år i 2013, og dette skal mellom anna feirast med ei jubileumbok der eg har fått lov å skrive historia om, og reflektere over, den allmenntmedisinske faglitteraturen. Det høver godt når læreboka «Allmenntmedisin» kjem i si tredje utgåve akkurat no. Historia om faglitteraturen er på mange måtar historia om fagutviklinga, kampen om eigen spesialitet og utviklinga av dei akademiske institusjonane. Her sto Dnlf sentralt, ikkje minst gjennom APLFs arbeid.

Legeforeninga finansierte dei første institutta, den finansierte framleis allmenntpraktikarstipenda, og gjennom APLF/AF og NSAM/NFA har ein støtta faglege aktivitetar og forskning som direkte og indirekte har medført skiving av faglitteratur.

I takt med allmenntmedisinsk bevisstgjerung frå 1970-åra og utover, auka forståinga av at Norge som eit lite språkområde og allmenntmedisin som eit særlege nasjonalt fag, hadde trong for eigen faglitteratur. Denne oppfatninga hadde dels røter i og dels gjekk den parallelt med den fagutviklinga som legeforeninga gjennom APLF/AF og NSAM/NFA har stått for. Norsk allmenntmedisin har i meir enn tre tiår klart å skrive sitt fag i bokformat, gjennom ei lang rekke viktige fagbøker. Faget har ei studentlærebok som knapt har sitt sidestykke i noko anna medisinsk fagområde, og spesialistutdanninga har også fått sin viktige støttelitteratur.

Vi er no midt i ei digital utvikling der tradisjonell faglitteratur er utfordra. Studentlæreboka ser ut til å fungere i tradisjonelt format enno ei tid, medan kliniske fagbøker truleg er ein trua art.

Steinar Hunskaar  
[steinar.hunskaar@isf.uib.no](mailto:steinar.hunskaar@isf.uib.no)

## Premiering for gaver til forskning til Bergen

Det allmenntmedisinske forskingsmiljøet ved UiB har fått ei tildeling av såkalla gæveforsterkingspengar på heile 2,1 mill kr. Dette er belønningstilskott som blir tildelt forskingsmiljø som tidlegare har fått mykje forskingsgæver. Tildelingar

frå Legeforeninga sine fond blir rekna som slike gæver. Summen er ein eingongsutbetaling, men pengane kan brukast over fleire år.

## Doktorgrad: Verdier i fastlegeordninga

Øystein Hetlevik disputerte 11. april 2013 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Register-based studies on continuity, collaboration and equity in general practice".

Kontinuitet i lege-pasientforholdet, samarbeid med andre faggrupper og legetilbud tilpasset ulike behov, er allmenntmedisinske kjerneverdier. Dette er undersøkt basert på data om fastleger, fastlegelister og praksisaktivitet.

Kontinuiteten er høy blant eldre og blant de som bruker lege ofte, der mer enn åtte av ti konsultasjoner er hos fastlegen. Det er redusert tilgjengelighet til lege totalt sett når personlig kontinuitet er lav. Norske fastleger deltar i tverrfaglige samarbeidsmøter i gjennomsnitt 2-3 ganger pr. måned, men det er stor variasjon. Flest møter angår pasienter med psykiske lidelser. Fastlegene kan kompensere økt arbeidsmengde knyttet til sammensetning av listen ved å ha kortere liste. Stort arbeidspress hos fastlegen fører til mindre bruk av fastlege særlig blant ungdom.

Øystein Hetlevik (f. 1958) er utdannet lege fra UiB i 1987. Han har jobbet som allmenntlege og samfunnsmedisiner og er nå fastlege i Bergen. Ph.d.- graden utgår fra Institutt for global helse og samfunnsmedisin med professor Sturla Gjesdal som hovedveileder. Prosjektet er finansiert av Allmenntmedisinsk forskningsfond.

## «Allmenntmedisin» i ny og revidert utgåve

Denne tredje utgåve av læreboka «Allmenntmedisin» er oppdatert og utvidet med nye kapitler. Steinar Hunskaar har som tidlegare redigert boken og leda redaksjonskomiteen, som består av Mette Brekke, Per Hjortdahl, Knut Arne Holtedahl, Hogne Sandvik og Tone Smith-Sivertsen.

Forfatterne legger blant annet vekt på å beskrive symptom og sykdommer som er relevant for allmenntleger, og å vise hvordan allmenntmedisinsk arbeid utføres i praksis med tanke på utredning og

behandling av de vanligste tilstandene og sykdommene. Nye kapitler omhandler seksualmedisin, medisinsk uforklarte symptom og hvordan leger bør oppdatere seg.

Det er inngått avtaler om utgivelse både på dansk og svensk, der innholdet blir tilrettelagt for det enkelte land. Den norske læreboka blir således et fellesei for Nordisk allmenntmedisin.

## Forskningsstipend

Allmenntmedisinsk forskningsfond har tildelt 6,2 mill kr til allmenntmedisinske doktorgradsprojekter. Fra vår region var følgende heldige:

Aase Aamland (Vennesla) til projektet Sick leave for medically unexplained physical symptoms.

Robert Burman (Bergen) til projektet Brystsmerter på legevakst.

Gunhild Felde (Bergen) til projektet Anxiety and depression associated with urinary incontinence.

Torgeir Gilje Lid (Stavanger) til projektet Utfordringer og tiltak ved alkoholproblemer i allmenntpraksis.

Vi gratulerer!

## Ny bok: Bedre søvn

Professor i allmenntmedisin Bjørn Bjorvatn er kommet med 2. utg. av boka Bedre søvn. Den reviderte utgåve inneheld nyttig og oppdatert kunnskap om hvordan pasienter kan redusere søvnproblema og forhåpentlegvis bli kvitt dem. I teksten følges «Anna» gjennom konsultasjonane fra behandlinga starter til hun er kvitt søvnplaga. Bjorvatn arbeider også ved Bergen søvnsenter og leder Nasjonal kompetansetjeneste for søvnsykdommer – [www.sovno.no](http://www.sovno.no) – ved Haukeland universitetssjukehus.

## Allmenntmedisin i Afrika

Gjennom Norhed-programmet skal Norad støtte oppbygging av høgrestudium og akademisk kompetanse i låginnstektsland, spesielt i Afrika. Det akademiske allmenntmedisinsmiljøet i Bergen har engasjert seg i to større prosjekt og har søkt om midlar for ein fem-årsperiode.

Prosjekta gjeld oppbygging av allmenntmedisinske institutt og spesialistutdanning i høvesvis Sudan og Malawi. Avgjerd om evt tildeling av støtte er venta i juli 2013.

## Nytt frå Faggruppe for allmenmedisin, UiB

## Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Helsedirektoratet har fått i oppdrag å greie ut spesialiststrukturen med tanke på ny struktur, meir effektiv utdanningsstid og betre tilpassing til framtidens utfordringar. Ei første utgreiing om prinsippa har no vore på høyring. Etter kvart skal innhaldet i alle spesialitetane gjennomgåast og reviderast.

Allmenmedisin er omtalt spesielt fleire stader i utgreinga. Eg synes ikkje alt er like godt tenkt. Men utgangspunktet er bra. Det er ei erkjenning av at fastlegane skal vere spesialistar i allmenmedisin. Etter mitt syn bør dette vere eit absolutt krav til fastlegeheimel, og det må finnast modellar for korleis utdanningskandidatar kan arbeide i allmennpraksis utan eiga liste. Å ha ansvar for eiga liste ser eg på som parallelt til å ha overlegeansvar, der spesialitet har vore ein føresetnad alltid.

Forslaget legg opp til ein stor reduksjon i kjernetida i uselektiv fastlegepraksis. Dersom legen utnyttar andre alternativ maksimalt, kan ein få allmennlegar som berre har 15 månader i slik teneste. Det er alt for lite til å få inn kunnskap og erfaring nok for å ta på seg eineansvar for eiga liste.

Helsedirektoratet vil endre ordninga med resertifisering til å bli ei meir personleg etterutdanning. Her er det fleire utfordrande forslag, mellom anna blir det føreslått å utvide tida i allmennpraksis til 50%, mot no 20%. Men så skal ein i staden kunne erstatte denne tida med andre oppgåver, truleg slik at ein ikkje treng klinisk praksis i det heile for å bli resertifisert.

Utredninga skal no til vidare til Departementet som skal avgjerde prinsippa. Alle deler av det allmenmedisinske fagfeltet må vere aktive i den vidare debatten om framtida for spesialiteten vår.

Steinar Hunskaar  
*steinar.hunskar@isf.uib.no*

## Hurra for TVEPS!

TVEPS (Senter for tverrfaglig samarbeidslæring i primærhelsetjenesten) har fått studiekvalitetsprisen ved Det medisinsk-odontologiske fakultet for 2013 for sitt tilbud om tverrfaglig samarbeidslæring til

studenter på helseprofesjonsutdanningene ved Høgskolen i Bergen og UiB. TVEPS ledes av professor i allmenmedisin Anders Bærheim.

TVEPS gir studentene trening i teamarbeid samtidig som de får erfaring fra en reell arbeidssituasjon. Siden oppstarten har TVEPS hatt over 100 studenter ute i tverrfaglig praksis. Studenter fra utdanningene innen farmasi, medisin, odontologi, tannpleie, musikkterapi, ernæring, manuell terapi, ergoterapi, psykologi, fysioterapi, vernepleie og jordmor har deltatt i prosjektet, og TVEPS tar til enhver tid i mot andre studenter som kan ha nytte og utbytte av å være på denne typen praksislæring. TVEPS søkte våren 2013 om status som et Senter for fremragende utdanning, og håper med dette å etablere seg som et nasjonalt kompetansesenter innenfor området, både innen forskning og utdanning.

## Doktorgrad: Lys, melatonin og unge

Ingvild West Saxvig disputerte 30. april 2013 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Delayed sleep phase disorder – prevalence, sleep, circadian rhythm and treatment".

Avhandlingen hadde tre hovedmål: i) å studere forekomsten av forsinket søvnfase hos elever i norsk videregående skole, ii) å studere søvn og døgnrytme hos unge med forsinket søvnfasesyndrom og iii) studere kort- og langtidseffekter av lys og melatonin i behandling av forsinket søvnfasesyndrom i en kontrollert studie.

Resultatene viste en høy forekomst (8,4 %) av forsinket søvnfase hos elevene. Forsinket søvnfase var assosiert med dårligere karakterer, mer røyking og alkoholbruk og økte symptomer på angst og depresjon. Etter to ukers behandling var søvnperioden framskyndet både hos de som fikk lys og/eller melatonin og hos en placebogruppe. Bare pasientene som fikk videre behandling med lys og melatonin opprettholdt framskyndet søvnfase over tid (tre måneder), mens pasientene som ikke fikk videre behandling falt tilbake til et forsinket søvnmønster.

Ingvild Saxvig (f. 1977) er cand. scient. i human og eksperimentell fysiologi ved UiB i 2004. 2007 – 2012 har hun vært

stipendiat ved Forskningsgruppe for allmenmedisin, hovedveileder var professor Bjørn Bjorvatn.

## Allmenmedisin årets forskningsgruppe

Institutt for global helse og samfunnsmedisin har for 2012 nominert Forskningsgruppe for allmenmedisin (ALFO) som årets forskningsgruppe ved fakultetet.

ALFO har 8,3 stillinger, fordelt på 20 vitenskapelig ansatte. 36 ph.d.-kandidater veiledes av ALFO-ansatte. ALFO er opptatt av å utvikle kunnskap av høy vitenskapelig kvalitet med relevans for fastleger og deres pasienter, samt å utvikle metoder og forskningsstrategier som belyser allmenmedisinens kliniske karakter. I 2012 disputerte 8 kandidater, og vi publiserte over 100 vitenskapelige publikasjoner og 15 bøker/bokkapitler. ALFO ledes av professor Bjørn Bjorvatn.

## Nasjonalt forskerskole i allmenmedisin – splitter ny og nyttig!

Den nye nasjonale forskerskolen i allmenmedisin (NAFALM) har som mål å heve kvaliteten på den allmenmedisinske forskningen i Norge. Forskerskolen er et supplement til den eksisterende ph.d.-utdanningen ved de medisinske fakultetene, og kandidatene skal fortsatt følge programmet ved sitt universitet. I tillegg vil de gjennom forskerskolen få forskerutdanning som er spesielt rettet mot det allmenmedisinske fagfeltet. Norges forskningsråd finansierer forskerskolen i perioden 2013-2020 med over 20 mill. NOK.

Opptak ved forskerskolen skal skje årlig etter søknad. I tillegg til å tilby kurs, vil forskerskolen legge vekt på nettverksbygging for studenter og veiledere gjennom samlinger, nettbaserte møter og utvekslingsopphold ved utenlandske universiteter.

Administrasjon og daglig drift av forskerskolen er lagt til Oslo. Ved UiB og Uni helse er professor Guri Rørtveit (medlem av styringsgruppen) og professor Sabine Ruths (vitenskapelig koordinator) involvert i forskerskolen. Den offisielle åpningen er planlagt lagt til en samling i Hardanger til høsten.

## Nytt frå Faggruppe for allmenmedisin, UiB

## Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Samhandlingsreforma går sin gang, og rundt om i kommunane er det mange plassar stor aktivitet med tanke på å organisere kommunale tilbod om heildøgns akutt-tilbod som skal komme i staden for sjukehusinnlegging, der det er forsvarleg og tenleg. Fristen for å få dette på plass i alle kommunar er frå 1 januar 2016. Ambisjonsnivået er høgt; slike kommunale senger skal gje eit like godt eller betre tilbod enn ved å legge pasienten inn i sjukehus!

Eg ser at kommunane har varierende modellar for organiseringa. Eit sentralt spørsmål er legedekninga både på dagtid og kveld/natt, og kva diagnostisk og terapeutisk nivå ein skal legge seg på. Eg ser klare teikn til at nokre kommunar undervurderer kva ei moderne og trygg helseteneste på dette nivået krev av personale, kompetanse og utstyr, og dermed kostnader.

Mange stader er det legevaktlegane som er den naturlege ressursen å nytte seg av utanfor normalarbeidstida. Men vaktlegane har ingen plikt til å dekke opp dette nye kommunale tilbodet, som lovmessig ikkje er ein del av legevakta. Det må difor inngåast lokale avtalar om ansvar, plikter og godtgjering for eventuelt slikt arbeid. Her er det viktig at dei lokale tillitsvalte saman med fastlegekorpsset kjem med framlegg til framtidsretta løysingar som tek omsyn til legane sine arbeidstilhøve, vaktbelastning og krav til lønn for slikt utfordrande ekstraarbeid.

Steinar Hunskaar  
[steinar.hunskaar@isf.uib.no](mailto:steinar.hunskaar@isf.uib.no)

## Legevakt og psykisk sjuke: Ny doktorgrad

Ingrid H. Johansen disputerte 19 juni 2013 for PhD-graden ved UiB med avhandlinga «Mental illness out-of-hours. Characteristics and challenges of patient contacts in emergency primary health care in Norway».

Avhandlinga undersøkte bruk av legevakt relatert til psykisk sjukdom i tre epidemiologiske og ein kvalitativ studie. Psykisk sjukdom er sjeldan kontaktårsak til legevakt, men alvorsgraden er høgre

enn for andre kontaktar. Mange av kontaktane er rusrelaterte, og desse skjer ofte på natt. Sjølvmodrsforsøk, psykosar og akutt rusmisbruk er oftare på legevakt enn hos fastlegen. Vaktlegar opplever usikkerhet og er utrygge i møte med pasientar med psykisk sjukdom, og mange opplever dårleg samhandling med spesialisthelsetenesta i psykiatri.

Ingrid H. Johansen (f. 1972) er frå Salangen og utdanna lege ved UiB i 2000. Ho har arbeid som allmenlege, i rusfeltet og er no ved Bergen legevakt. Ho er forskar ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin. Professor Steinar Hunskaar har vore hovudrettleiar, med Tone Morken og Benedicte Carlsen som medrettleiarar.

## Postdok-stipend til Knut-Arne Wensaas

Knut-Arne Wensaas, fastlege i Bergen og forskar ved Allmenmedisinsk forskningsenhet (AFE Bergen) har fått tilslag på søknad om postdoktorstipend frå Norges forskningsråd. Prosjektet er vidareføring av doktoravhandlinga hans om Giardiae epidemien i Bergen. Data frå 3-års oppfølging av giardia-pasientar og ei kontrollgruppe skal koplast med sjukemeldings- og tryggedata.

Det er vanskeleg å nå fram i konkurransen hos forskningsrådet, og tildelinga er difor ei oppmuntring for heile det allmenmedisinske miljøet i Bergen.

## Filosofisk poliklinikk: Å utdanne gode legar

I haust har Filosofisk poliklinikk flytta møta sine til Litteraturhuset i Østre Skostredet 5-7, onsdagar kl 19-21. Tema for kommande møter er «profesjonalitet i medisinen» med særleg fokus på den personlege danninga som skjer i all opplæring. Dei neste møta er:

9.10. «Hjelp, jeg studerer medisin! Studentane Karl Erik Müller, Ingrid Neteland, Anne Sofie Paus, Eivind Alexander Valestrand og Else Fjøsne.

20.11. «The healing function of doctors». Professor Eric Cassell har vore lege i New York i 40 år. Han har forska på verdien av god lege-pasientkommunikasjon og er ein leiande person innan medisinsk filosofi.

4.12. «Profesjonell modning. Behandlerens utvikling fra student til veteran». Professor Michael Rønnestad, UiO, har utgitt fleire lærebøker i psykologi og forska på kva som kjenneteiknar dyktige utøvarar som trivst i faget.

## Allmenlegestipend til Vestlandet

Allmenmedisinsk forskingsutval har tildelt nye korttidsstipend for hausten 2013:

Stian Lobben, fastlege i Stavanger, 1 mnd for prosjektet El-sykkel og diabetes.

Magnus Hjortdahl, fastlege i Alta (via Nklm), 2 mnd for prosjektet Legen og ambulansarbeidaren.

Kristian Jansen, fastlege i Samnanger, 3 mnd for prosjektet Pasientforlaup i sjukeheim.

Heidi Nilsen, fastlege i Eigersund, for prosjektet Kommunale ØH-døgn-plassar.

## Europeisk nettverk for forskning

European General Practice Research Network (EGPRN) er WONCAs europeiske nettverk for forskning i allmenmedisin. EGPRNs viktigste mål er å fremme og stimulere til forskning i allmenmedisin og primærhelsetjeneste i alle europeiske land, å sette i gang og koordinere flernasjonale forskningsprosjektar og å utveksle forskningsrelaterte erfaringar. Førsteamanuensis i allmenmedisin ved UiB Esperanza Diaz er ny norsk representant for EGPRN. Hun er også med i styret for EGPRN for perioden 2013-2016.

## Nye stipend frå Allmenmedisinsk forskningsfond

Styret i AMFF hadde på siste møte søknader for 10,05 mill kr og 6,3 mill kr å fordele. Til vår region vart følgjande tildelt doktorgradsstipend: -Fosse, Anette: Livets slutt i sykehjem - pasientens ønsker og legens rolle. -Iden, Kristina Riis: Depresjon i sykehjem. -Jansen, Kristian: Livets slutt i sykehjem – legers utfordringer, forskrivninger og tiltaksplaner. -Sharma, Satya P. Outcome in shoulder capsulitis (frozen shoulder), a controlled trial.

## Nytt frå Faggruppe for allmenmedisin, UiB

## Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Valet er over og det blir danna ny borgarleg regjering. Helsepolitikken er høgt på agendaen, men for oss som er opptatt av utvikling av allmennlegetenesta og innføringa av Samhandlingsreforma, er det ikkje så sikkert at politikken vert så ny. Først og fremst ønskjer eg meg ei regjering som faktisk interesserer seg for primærhelsetenesta. Men ut frå valkampen og dei første signala frå regjeringsforhandlingane, vert det meir sjukehusfokus enn nokon gong.

Derneft ønskjer eg meg ein ny politikk for utvikling av primærhelsetenesta, spesielt fastlegeordninga, legevakt og grenseflata til spesialisthelsetenesta. Allmennlegetenesta treng meir kapasitet, auka kvalitet og nye måtar å organisere seg på. Kommunesektoren må få meir ansvar for forskning og utdanning, og tiltaka må finansierast.

Ei konservativ regjering kan også bli meir opptatt av systemforandringar enn faginnhald. Det kan bety meir priskonkurranse og bruk av kontraktar, nedbygging av skiljet mellom offentleg og privat helseteneste og auka press for «auka sørvis», lengre opningstider og helseundersøkingar av friske.

Det siste kan regjeringa kopiere frå sine søsterparti i England. Statsminister Cameron går inn for at allmennlegekontora skal vere opne 12 timar i døgnet 7 dagar i veka, det er innført tilbod om udokumenterte helsesjekkar, og tenester som legevakt blir sett ut på tilbod.

Steinar Hunskaar  
[steinar.hunskar@isf.uib.no](mailto:steinar.hunskar@isf.uib.no)

## Doktorgrad om Marevanbehandling

Ann Helen Kristoffersen disputerte 27. september 2013 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Aspects of the use and interpretation of INR and D-dimer in primary and secondary care".

Leger i Norge og 12 andre land fikk presentert sykehistorier med spørsmål om hvordan de vil håndtere ulike problemstillinger angående behandling med Marevan, som spørsmål om hvor ofte en bør analysere INR, hvordan dosere

medikamentet, hvordan håndtere en høy INR-verdi og hvordan vurdere risiko for blodpropp og blødning. Det var stor variasjon i praksis både hos legene i Norge og i andre land.

Blodpropp i svangerskapet og rett etter fødsel er sjelden, og det kan være vanskelig å stille diagnosen. Høy verdi av D-dimer, som dannes når en blodpropp brytes ned, kan være til hjelp, men siden D-dimer øker gradvis utover i svangerskapet, vil mange ha forhøyet D-dimer også uten å ha blodpropp. I en studie fulgte en friske gravide og ikke-gravide kvinner med analysering av D-dimer. Det foreslås en modell for hvordan man kan beregne om økningen man ser i D-dimer hos en gravid er som forventet i et normalt svangerskap.

Ann Helen Kristoffersen (f. 1972) er utdannet lege fra UiB i 1998, er spesialist i medisinsk biokjemi, og arbeider som overlege ved Laboratorium for klinisk biokjemi, Haukeland Universitetssjukehus. Professorene Sverre Sandberg og Geir Thue ved Forskningsgruppe for allmenmedisin var veiledere.

## Seminar: What is doctoring?

Det medisinsk-odontologiske fakultet og Filosofisk poliklinikk har seminar om legerollen med Eric Cassell 21-22.11 2013 Påmelding: [rita.helland@igs.uib.no](mailto:rita.helland@igs.uib.no). Seminaret er gratis. Professor Eric Cassell fra New York er indremedisiner, etiker, filosof, gourmetkokk og snekker og har utgitt åtte bøker om legerollen.

Seminaret vil dreie seg om syke menneskers behov og legerollens muligheter og fallgruver, med fokus på hva «profesjonalitet» skal bety i medisinen. Dette er tema for Cassells siste bok "The nature of healing. The modern practice of medicine" (Oxford University Press 2012). Det kommer kjente forelesere fra England, Nederland, Sverige, Tyskland og Norge for kritisk å diskutere Eric Cassells idéer om legerollen og faget.

## Pasienterfaringer fra helseundersøkelser

Karen-Dorthe Bach Nielsen disputerte 24. september 2013 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Helbredsscreening i

almen praksis. Et kvalitativt studie om menneskers tanker og erfaringer". Avhandlingen bygger på intervjuer med personer som ble invitert til å delta i en dansk helseundersøkelse som blant annet kartlegger risikoen for fremtidig hjerte- og karsykdom hos friske deltakere i alderen 30 til 50 år.

Alarm, sjokk, overraskelse og håp om at det kanskje ville gå over av seg selv, var blant reaksjonene hos dem som fikk påvist høy risiko. De fleste iverksatte betydelige tiltak for å endre sin livsstil. Andre, som ikke fikk påvist høy risiko, kunne fortelle om hvordan dette utløste lettelse, og reduserte deres helsebekymringer.

Analysene indikerte også at avslag på invitasjon til slike helseundersøkelser bør respekteres uten forsøk på overtalelse.

Karen-Dorthe Bach Nielsen (f. 1958) er fra Danmark, har medisinsk embetseksamen fra Aarhus Universitet, og er spesialist i allmenmedisin. Hun arbeider som allmennlege i Ebeltoft. Ph.d.-prosjektet er utført ved UiB, med professor Kirsti Malterud som hovedveileder.

## Vil du forsøke deg som forskar?

Ved Forskningsgruppe for allmenmedisin har vi fått finansiering for eit fleirårig forsøk med å tilby korttidsengasjement for allmennlege som ønskjer erfaring i forskings- og undervisningsmiljø. Eit slikt korttidsengasjement kan brukast til å finne eit prosjekt å gå vidare med, skrive prosjektprotokoll eller søknad om finansiering. Ta kontakt med Bjørn Bjorvatn eller ein annan i Forskningsgruppe for allmenmedisin.

## Akutt helsehjelp utanfor sjukehus

Regjeringa har sett ned eit utval som i løpet av ein to-årsperiode skal greie ut eit heilheitleg system for handtering av akutt sjukdom og skade utanfor sjukehus. Heile den akuttmedisinske kjeden skal under lupa, også fastlegeordninga. Utvalet har 14 medlemmer, to er knytt til allmenmedisinmiljøet i Bergen: Erik Zakariassen, førsteamanuensis UiB og forskar Nklm, og fastlege og ph.d.-kandidat Sverre Rørtveit, Austevoll.

## Nytt frå Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

## Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Du har vel merka at e-læringskurser er over oss? Ny teknologi vert naturleg nok utnytta også innafor pedagogikken. Blant fastlegane har debatten gått høgt om det obligatoriske kurset frå NAV om sjukmeldingspraksis. No kjem deler av dei obligatoriske grunnkursane som e-læringskurs, og departement og direktorat tenker seg ulike former for «sertifiseringar» av fastlegar i form av e-læringskurs. Legeforeninga satsar tungt på nettkurs.

Argumenta for slike kurs er mange. Kan ein spare reiser, hotellopphald og førelesarar, er det mykje å spare for utdanningsfond og legane. Kurser kan takast når ein vil, utan tap av pasientinntekter, og på pc, brett og mobil, der ein måtte like. Teoristoff som elles blir servert i monologform med tvilsamt læringsutbytte, kan gjerast meir spennande med interaktivitet, oppgåver og lesing av støttelitteratur der og da. Kursdagane som står att kan brukast til meir diskusjonsprega undervisning.

Men vi skal passe oss for ei utvikling der ansikt til ansikt-arenaer vert borte i vidare- og etterutdanning for allmennlegar. Utdanninga vår skjer allereie for mykje i lukka rom utan samhandling og korreksjon frå ein rettleiar eller ein erfaren kollega.

Steinar Hunskaar  
*steinar.hunskaar@isf.uib.no*

## Forskningspris til Anette Fosse

Forskningsprisen under Nidaroskongressen 2013 ble tildelt Anette Fosse, fastlege i Rana og ph.d.-stipendiat ved UiB, for prosjektet "Døden i sykehjem – pasienters og pårørendes tanker og forventninger".

Juryen skrev: "Årets prisvinner anerkjennes for å ha valgt det "endeligste" av alle medisinske og menneskelige emner som sitt forskningstema, nemlig døden. Komiteen er sikker på at hun vil bidra til å utdype vår alles innsikt og forståelse med henblikk på hva døende mennesker og deres pårørende ønsker og trenger, og hva legers faglige ansvar for de døende kan innebære."

Vi gratulerer!

## Nye stipend i vest

På møte i Allmenntmedisinsk forskningsutvalg ble det delt ut tilsammen 26 stipendmåneder for våren 2014. Følgende søkere med veiledning fra vårt område fikk stipend:

Ruth Johnsrud, Bergen, 2 måneder for prosjektet Profesjonalitetsundervisning i medisinsk utdanning.

Magnus Hjortdahl, Alta, for Legevaktstegen og akuttmedisin, 1 måned.

Arnulf Heimdal, Oslo, for «Siden jeg først er her», et prosjekt om fenomenet "mange ulike temaer pr konsultasjon», 2 måneder.

Silje Furu, Bergen, for Prevensjonsbruk hos kvinner i siste del av den fertile perioden – en kohortstudie, 3 måneder.

Kristin Hågøy, Bergen, for Villa eigenskade på legevakt, 3 måneder.

## Seksuell orientering og levekår

Prosjektet "Seksuell orientering og levekår" er nylig gjennomført av Allmenntmedisinsk forskningsenhet Bergen/Uni Helse på oppdrag av Barne-, ungdoms og familiedirektoratet. For første gang siden 1999 er levekår blant lesbiske, homofile og bifile (lhb-personer) i Norge kartlagt i en omfattende nasjonal spørreundersøkelse og en kvalitativ studie om å skjule sin seksuelle orientering. Det er også gjennomført en undersøkelse om holdninger i befolkningen.

Rapporten, som har fått stor oppmerksomhet, er redigert av professorene Norman Anderssen og Kirsti Malterud. Den inneholder mye nyttig kunnskap for fastleger, og kan lastes ned i fulltekst på <http://helse.uni.no/contentitem.aspx?site=1&ci=8422&lg=1>

## Nye folk i akademiet

Guri Rørtveit, forskingsleiar ved Allmenntmedisinsk forskningsenhet Bergen, har fått fast tilsetjing i bistilling (20 %) som professor i allmenntmedisin ved UiB.

Øystein Hetlevik, fastlege i Bergen, har fått fast stilling som førsteamanuensis (50 %) i allmenntmedisin ved UiB.

Gunnar Bondevik, førsteamanuensis og fastlege i

Bømlo, har fått opprykk til professor i allmenntmedisin (50 %) ved UiB.

## Frisklivssentralene under lupen

Forskningsgruppen for allmenntmedisin ved Eivind Meland og Thomas Mildestvedt har fått over 8 mill kr fra Forskningsrådet for å evaluere virksomheten ved Frisklivssentralene i perioden 2014-2017. Det er planlagt to store kliniske og randomiserte forsøk med henholdsvis voksne med behov for levevaneendringar og barn med familier som ønsker å legge om på levevaner. To stipendiater vil bli knyttet til prosjektet: et ph.d.-stipend og en postdok stipendiat.

Det er gledelig at det allmenntmedisinske miljøet vinner fram i den sterke konkurransen om slike forskningsmidler. Vi gratulerer!

## Nasjonal uniform for legevakt

Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin har saman med Norsk legevaktforum og Helsedirektoratet utvikla forslag til nasjonal uniform for legevakt. Det finst både ein inne- og ein utekolleksjon. Klærne er no klar til bestilling, og brosjyrer med bestillingsskjema og prislistar finn du på [Nklm sine nettsider legevaktmedisin.no](http://Nklm.sine.nettsider.legevaktmedisin.no).

## Løvetannprisen til Olav Thorsen

Norsk forening for allmenntmedisin har kåret årets vinner av Løvetannprisen. Olav Thorsen får prisen for mangeårig og stor innsats for å styrke faget allmenntmedisin. Årets Løvetann er pasientenes store støttespiller og har vært et forbilde for utallige kollegaer og særlig nyutdannede turnusleger. Han brenner for å formidle kunnskap og legekunst man vanskelig kan lese seg frem til. Hans glede over faget og livet som lege smitter, og motiverer andre til å begi seg inn i allmenntmedisinen.

Thorsen er fastlege i Stavanger og ph.d.-kandidat ved UiB på et prosjekt om kvaliteten på henvisninger fra fastleger til sykehus.